



Oppdatert bilde som viser Børnes Næringsområde i dag.

**Framlegg til detaljregulering for Børnes har vore ute på høyring og offentleg ettersyn, med merknadsfrist 7 september 2020. Rådgjevar Anne Lise Næs i Kvinnherad kommune fortel til Uskedalen.no at det er mange merknadar som ligg på saka. Det har vore dialogmøte med Fylkesmannen. I prosessen er ein no klar for ei vurdering om kva merknadar ein kan ta omsyn til, og kva merknadar det er vanskeleg å ta omsyn til. Det har også vore eit internt møte i ei utvida prosjektgruppe på Rådhuset. Neste steg er å ha møte med konsulenten.**


Det er ikkje planlagt ope møte før saka vert lagt fram for ei politisk vurdering. Den ordinære planprosessen legg ikkje opp til å ha medverknad etter at høyringa er over og før kommunedirektøren legg fram endeleg planforslag.

Torsdag i denne veka har det vore gjennomgang med konsulenten for å tinga, det som vert kalla, oppretting av plandokumenta før ferdigbehandling av planen. Ettersom det har vore dialogmøte med Fylkesmannen i høyringsperioden, skal kommunen ha nytt avklaringsmøte med Fylkesmannen før eventuell eigengodkjenning.

Anne Lise Næs fortel kan før saka vert fremja politisk, må det sendast fråviksøknadar til fylkeskommunen og få dei godkjende. Parallelt med dette vert det arbeid med å finna ei løysing for vasskapasiteten på Børnes.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frode Eidsvik/ Skisse frå planen



Skissen syner planområde.